

---

Saksnr: 2021/6016-1  
Saksbehandlar: Bekka Skaasheim

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		16.03.2021

**Arbeidsutval - Yrkesopplæringsnemnda**

Fylkesdirektøren rår yrkesopplæringsnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Yrkesopplæringsnemnda nemner opp eit arbeidsutval.
2. Arbeidsutvalet skal setjast saman av medlemmer i yrkesopplæringsnemnda. Arbeidstakar og arbeidsgivarsida skal vere representerte.
3. Yrkesopplæringsnemnda fastset mandat for arbeidsutvalet.

**Samandrag**

Fylkesdirektøren rår til at yrkesopplæringsnemnda nemner opp eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet skal ha representasjon frå arbeidstakar og arbeidsgivarsida. Medlemmer i arbeidsutvalet skal veljast mellom medlemmer i yrkesopplæringsnemnda. Yrkesopplæringsnemnda utarbeider mandat for arbeidsutvalet.

Bjørn Lyngedal  
Fylkesdirektør

Bekka Skaasheim  
ass.fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Yrkesopplæringsnemnda har 12 medlemmer og det vil i nokre saker vere behov for å drøfte og førebu saker for nemnda gjennom eit arbeidsutval. Eit arbeidsutval vil vere rasjonelt i dialogen med arbeidslivet og gjennom det etablere eit tettare samarbeid.

Eit arbeidsutval kan nemnast opp med heimel i kommunelova § 5-1 litra K og E, og i tråd med Opplæringslova § 12-3 og § 12-4.

Vedtakskompetanse

Yrkesopplæringsnemnda nemner opp arbeidsutval i tråd med § 12-3.

Vurderingar og verknader

Kommunelova og Opplæringslova regulerer fylkeskommunen sitt ansvar for yrkesopplæringsnemnda.

### Kommunelova:

#### § 5-1. Folkevalgte organer

*Folkevalgte organer skal opprettes etter bestemmelsene i denne loven eller etter bestemmelser om slike organer i andre lover.*

*Folkevalgte organer etter denne loven er*

- a) *kommunestyre og fylkesting<sup>2</sup>*
- b) *formannskap og fylkesutvalg<sup>3</sup>*
- c) *kommuneråd og fylkesråd<sup>4</sup>*
- d) *utvalg, inkludert kommunedelsutvalg og kontrollutvalg*
- e) *arbeidsutvalg***
- f) *felles, folkevalgt nemnd i vertskommunesamarbeid<sup>5</sup>*
- g) *kommunestyre- og fylkestingskomiteer*
- h) *styret for deler av den kommunale eller fylkeskommunale virksomheten i parlamentarisk styrte kommuner eller fylkeskommuner*
- i) *representantskap og andre styringsorganer for et interkommunalt politisk råd*
- j) *representantskap for et kommunalt oppgavefelleskap<sup>8</sup>*
- k) *et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ hjemlet i særlov***

### Opplæringslova:

Opplæringslova § 12-3 og § 12-4 regulerer oppnemning og nemnda sine oppgåver.

Utdanningsdirektoratet skriv i sitt svar på spørsmål om å etablere eit arbeidsutval:

*Det må skilles mellom de oppgavene der nemnda treffer vedtak i saker som fylkeskommunen etter § 4-8 er pliktig å legge frem for nemnda, og oppgaver der nemnda på eget initiativ gir råd til fylkeskommunen for blant annet å heve kvaliteten i fag- og yrkesopplæringen.*

*Hvordan nemnda velger å organisere seg er ikke nærmere regulert i regelverket. I § 12-3 femte ledd fremgår det riktignok at departementet «kan gi nærmere forskrifter om arbeidet i nemnda». Departementet har derimot ikke gitt noen forskrifter om dette. I forarbeidene til loven uttaler departementet dessuten at: «Yrkesopplæringsnemnda bestemmer sjølv arbeidsdelinga for dei oppgåvene nemnda er blitt gitt i lov og forskrift.»<sup>1</sup>*

*Opplæringsloven § 12-3 og § 12-4 regulerer henholdsvis oppnevning og nemndas oppgaver. Det må skilles mellom de oppgavene der nemnda treffer vedtak i saker som fylkeskommunen etter § 4-8 er pliktig å legge frem for nemnda, og oppgaver der nemnda på eget initiativ gir råd til fylkeskommunen for blant annet å heve kvaliteten i fag- og yrkesopplæringen.*

*Hvordan nemnda velger å organisere seg er ikke nærmere regulert i regelverket. I § 12-3 femte ledd fremgår det riktignok at departementet «kan gi nærmere forskrifter om arbeidet i nemnda». Departementet har derimot ikke gitt noen forskrifter om dette. I forarbeidene til loven uttaler departementet dessuten at: «Yrkesopplæringsnemnda bestemmer sjølv arbeidsdelinga for dei oppgåvene nemnda er blitt gitt i lov og forskrift.»<sup>1</sup>*

*Med bakgrunn i dette mener vi at det er opp til nemnda selv å vurdere hvordan de vil organisere seg, for best mulig å utføre sine oppgaver. I likhet med dere kan vi derfor ikke se at organisering av arbeidet med*

*etablering av arbeidsutvalg i nemndene er lovstridig. Vi vil likevel påpeke at det er nemnda, med de medlemmene som er oppnevnt i henhold til § 12-3, som i fellesskap skal treffe vedtak og gi råd til fylkeskommunene. Etablering av arbeidsutvalg må derfor ikke medføre at nemnda fratras denne rollen.*

Etter fylkesdirektøren si vurdering vil det vere føremålstenleg at yrkesopplæringsnemnda nemner opp eit arbeidsutval. Eit arbeidsutval vil vere rasjonelt i saksførebuing og dialog med partane i arbeidslivet. Fylkesdirektøren vil særleg peike på det sentrale og omfattande arbeidet med dimensjonering av opplæringstilbodet, der eit arbeidsutval kan ha ei viktig rolle i prosess og førebuing av saker til nemnda. Eit arbeidsutval vil også kunne vere ei god støtte for fylkesdirektøren i spørsmål kring fag- og yrkesopplæringa. Fylkesdirektøren vil streke under Utdanningsdirektoratet si presisering om at eit arbeidsutval ikkje skal svekke yrkesopplæringsnemnda si rolle.

**Økonomi:**

Etablering av arbeidsutval vil krevje administrative ressursar for tilrettelegging og oppfølging. Denne ressursen er innanfor dei økonomiske rammene. Fylkesdirektøren vil så langt råd er legge opp til digitale møter og såleis ikkje auke kostnaden med reiseutgifter.

**Klima:**

Ikkje relevant

**Folkehelse:**

Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tiltaket kan fremje medverknad og samhandling med partane i arbeidslivet.

**Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår til at yrkesopplæringsnemnda nemner opp eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet skal ha representasjon frå arbeidstakar og arbeidsgivarsida. Medlemer i arbeidsutvalet skal veljast mellom medlemer i yrkesopplæringsnemnda. Yrkesopplæringsnemnda utarbeider mandat for arbeidsutvalet.